

REFERAT

Møte i Underutvalet for jakt og innlandsfiske

Tid og stad: Mandag 17.oktober kl. 15.00-17.00

Oppmøte: André Michelsen, Jan Gunnar Vaktskjold, Liv Berit Rath, May Britt Vågenes Gjerde, Martin Soltveit, Dag Sætre, Morgan Taule, Øystein Frotaule og Andreas Granli.

Innledningsvis presenterast Andreas Granli som ny rådgjevar på skog og vilt.

Saksliste

1. **Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart godkjent.

2. **Godkjenning av referat frå møte 17. oktober**

Andreas opplyste om situasjonen rundt forvaltningsplan for gås. Arbeidet med å få oversikt over kva som er gjort så langt pågår framleis.

3. **Grågåsplan - status**

Utvalet opplever referatet frå førre møte som sparsomt. Referat vart godkjent med ønske om at framtidige referat blir meir omfattande. Korleksjon til referat frå forrige møte: Magne Arild Rath møtte ikkje.

4. **Arbeidet med valdgrensar, digitalisere valdgrensar, ferdigstilling av arbeidet**

Valdgrensar. Andreas opplyser om kor mange som ikkje har meldt inn grensene sine. Frist for innsending av endring av valdgrensar vurderast satt til 1.4-2017.

Utfordringar med valdgrensar blir diskutert, skal underutvalget uttale seg for eller i mot nye område. Det manes for forsiktighet rundt å blande seg inn i grunneigarar jaktrett.

Utfordringar knyttet til valdgrensar gjelder blant annet lommer som blir liggende isolert grunnet uegnet valdstruktur.

Problematikk rundt grunneigarar fredede område inne i vald og hjortekvoten for desse områda kom opp som tema. Kvoten teller inn i valdets kvote, men grunneigarar står fritt til å nekte jakt på sitt felt.

5. **Bestandsplaner – lage ein standardmal?**

Andreas prøver å få ferdigstilt standardmal til valdmøte. Korleis skal det fungere med systemet rundt Bestandsplan kommunenivå eller delområde. Fordeling av kvoter innad i bestandsplanområde. Mykje diskusjon rundt korleis planen fungerer og endringar som følgje av bestandsplan. Andreas ser på temaet til neste møte.

6. **Evaluering av haustmøte**

Dårlig oppmøte av foredragsholdere. Ellers ser utvalet antall deltakara og engasjement som positivt.

7. **Innlandsfiskekort**

Felles fiskekort, Underutvalet er samd om at dette er eit godt tiltak, Saka vert diskutert med dei to atørre aktørane. Felles kort for jakt på rovvilt vert og diskutert som eit godt forvaltningstiltak.

Korleis fordele inntekter frå kortsalg? Avkryssingsmuligheter på eventuelt felleskort for kva område/vatn som er benytta kjem opp som eit alternativ. Andreas undersøker om fylket har eigen fiskeforvaltar med erfaring frå andre område og om det ligg midlar tilgjengeleg hos fylket. Avtalar med rettighetshavarane må på plass før ein går vidare med prosjektet.

8. Hjortevandring – kartlegge trekk. Bruke viltkamera?

Problematikk rundt ny veg fra marås til Soltveit. Vi forsøker å organisere eit opent møte med Statens vegvesen om saka. Grunneigarane sitt med mykje informasjon rundt trekkruiter. Trafikkmengde i forhold til tiltak. Temaet hjort og trafikk vert diskutert. Eit av dei store spørsmål er om viltet utnyttar eventuelle underganger eller om ressursene bør nyttast til andre tiltak.

Viltkamera til kontroll av hjortetrekk vart diskutert. Viltkamera kan kanskje gi meir informasjon om korleis hjorten nyttar dei ulike stiane. Bruken må i såfall systematiserast om informasjonen både skal være nyttig og mulig å samle. Utvalet er opne for å samarbeide med vegvesenet om bruk av kamera. Andreas tar på seg å høyre om vegvesenet har tilgjengelige midlar til et eventuelt samarbeid.

9. Ymse

Lyktene som nyttas til tellingen begynner å bli gamle. Utvalet foreslår at nye lykter bør kjøpast inn for å sikre at vi har fungerande lys til neste teljing. LED eller annen type med gode batteri. Det er einighet om å begynne å leite etter prisar og produkter. Batterilykt eller til bilbruk. Håndholdt.

Andreas tar på seg å finne ut kor mange takseringsruter som er i bruk slik at korrekt antall lykter blir handla inn.

Fellingspremie på rev vart diskutert. Grunna få innmeldte rev vurderar utvalet ei økning frå 200 kr til 400 kr pr. rev. Andreas undersøker om det er rom i budsjettet for ei slik økning, svar kjem på neste møte.

Det ønskes gjennomgang av innstruks for fallviltjeger neste møte. Andreas går gjennom telefonliste fallvilt og sender revidert liste ned til sørvistorget og politiet.

Manger 25. oktober 2016

Andreas Granli

Referent